

Mykje mot og stort talent

Det er ei stor forteljing Torkil Damhaug prøver seg på, og han lukkast både på detaljplanet og i dei store draga, i alle fall så lenge han held seg til hovudforteljinga.

■ ROMAN

Torkil Damhaug:

Overlord
Cappelen

Løytnant Peter Enge har teneste ved den franske kanalkysten. Datoen er 6.6.1944. Han ser ein skog av master og ein horisont av skipsskrog på veg mot land. Han forstår at dette er ei avgjerande stund i den andre verdskrigen. Han veit at sida han tener, Nazi-Tyskland, kjem til å tapa. Dette er truleg slutten også for han personleg. Og han veit kva han må gjera, han må finna kjærasten sin, franske Jeanne Dubois, i Bayeux, og fortelja henne om noko som hende med han, eller på grunn av han, då han var 15 år gamal, i 1933.

Det er ei stor forteljing Torkil Damhaug prøver seg på, og han lukkast både på detaljplanet og i dei store draga, i alle fall så lenge han held seg til hovudforteljinga om Peter Enge. Men i tillegg vev han inn den fiktive forfattaren Yan, som i vår tid søker etter kunnskap om livet og lagnaden til Peter, den personifiserte «unge tyskaren», som ikkje kan stå imot dei kreftene som under nazismen overstyrer alle personlege ambisjonar og fører ein heil generasjon i ulukka. Forfattaren Yan møter Chantalle, sonedotter av Jeanne, og me forstår at Yan sjølv også har biologisk tilknytning til personane han skriv om. Dette metagrepet dimmer fokuset litt, jamvel om Damhaug også skildrar dette planet i romanen med svært bra handlag og med slike observasjonar som tilfører teksten tempo og autentisitet.

Slik Bayeux-teppet, den 70 meter lange vevnaden – eller eigentleg broderiet – frå mellomalderen, oppbevart i Bayeux, men ikkje laga der, fortel saga om slaget ved Hastings i 1066, er freistnaden på å nå fram til Bayeux eit detaljrikt bakteppe for den personlege saga til

Peter Enge, der denne saga heng saman med det tyske terrorveldet. Peter har tre vaksne å halda seg til, Mutti (Katarina), Vati (Alfred) og onkel Samuel. Den siste er eigentleg ikkje onkel hans. Lesaren forstår at Samuel, som er jøde og forfattar, har ei sterkare tilknytning til Peter enn statusen som ven av mora.

Samuel er antinazistisk, slik Katarina også er det, medan den vomdigre Vati, den makelege og ikkje særleg solide fotografen Alfred Enge (ikkje ulik den makelege og lett tåpelege fotografen Hjalmar Ekdal, forresten) ser på det nye regimet som ideelt og revolusjonært. Særleg set han sin lit til Ernst Röhm og SA.

Alle saman er skildra med bravur, men eg har vondt for å tru at Alfred Enge, med søtt plummebrennevin for handa og smattande på den gode pipa si, i einerom framfor radioen så lett lèt seg overtida av talegåvene til Der Führer, som jo var ein talar for den store massen som forstod seg sjølv nettopp som ein stor masse.

Konflikten i familien er tydeleg, i alle høve, og den veks til tung lagnad og djup tragedie for Peter og dei andre. Alt utviklar seg i naturleg tempo, og Damhaug har slik språkkjensle og menneskekunnskap og slikt historisk medvit at oppvekstscenene og kvardagsskildringane frå Tyskland i 1933 vert levande, overtida og skremmande for lesarane, som ikkje på nokon måte kan setja seg til doms over desse som laut leva under slike kår, utan vår tryggleik eller vår historiske fasit.

Damhaug er på heimebane overalt, med stort talent diktar han truverdige augnevitneskildringar. Me er med Peter på skulen, under den ferme og nazistiske lærarinna Geli (Angela) Reus. Me vert òg kjende med nokre av skulekameratane til Peter, ikkje minst Stefan, son til den kommunistiske slaktaren, som lèt guten gå med i Hitlerjugend med denne formaninga: «Lat som om du tror på dem. Lat som om du er med, helt til den dagen nazibobla sprekker. Da er det vår tur, Stefchen.»

Det er undervegs denne romanen er best. Miljøskildringane er framifrå og sannsynlege, Damhaug er kunnskapsrik og har evna til å finna fram til akkurat dei rette detaljane. Spannande vert det også, og romanen har eit filmatisk potensial, sidan han konkretiserer eit stort menneskeleg drama, det unge mennesket som brått får ansvar for sjølv å finna balansen mellom krav til lojalitet frå familie, frå ideal og draumar, frå miljø og styresmakter. Dessutan fortener Damhaug ros for å ha synt stort mot ved å gje seg i kast med ein så ambisiøs roman.

Dei veikaste sidene er statisk typeskildring (lyta tener som signalement hjå kameratane til Peter), eit smalt spekter av idéar og ei tydeleg favorisering av slike tankar som høver med romantemaet, hjå ein ungdom som har kroppslege drifter, men som ser ut til å vanta

eit ekte hjarta. Peter er for naiv i lag med faren, for pubertal i lag med kameratane og eg saknar eit element av ekte svermeri. Også andre personar er ubalansert skildra, dei er for mykje det eine eller det andre, t.d. er Oberst Richter plassert for langt frå midten av strekninga mellom Dummkopf og Feinschmecker. Men dette er små innvendingar mot ein roman som er tankevekkjande, underhaldande og imponerande, med store skiftingar i perspektiv og tilnærming. Språket er rett nok temmeleg nøytralt og konvensjonelt, men slik må det vel vera i ein roman der handlinga er prioritert.

Odd W. Surén

Odd W. Surén er forfattar og fast bokmeldar for Dag og Tid.